

Kunnskapsdepartementet KD
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Svar på høyring om forslag til endringar i opptaksforskrifta

Vi viser til høyringsbrev med vedlegg dagsett 2.juli 2018, kor Kunnskapsdepartementet innbyr høyringsinstansane til å gi sine innspel til *forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning*. UiT Noregs arktiske universitet (UiT) takkar for invitasjonen og vil i det følgjande gi sine innspel til departementet sine forslag.

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

§ 2-3. Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning § 2-4. Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

UiT støttar endringsforslaga som vi meiner vil sikre likebehandling av søkjarar. UiT meiner at dette vil gjere dokumentasjonskrava meir oversiktlege og forutsigbare for søkjarane.

§ 2-4. Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

UiT støttar forslaget.

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

§ 4-11. Desentralisert utdanning og deltidsutdanning

UiT støttar OsloMet sin søknad om å få stille krav om tilknytning til utdanningsstaden til studium som er organisert som eit deltidsstudium, utan avgrensing til at studiet blir tilbode berre ein gong. Utan ei slik avgrensing kan utdanningsinstitusjonane vidareutvikle sitt samarbeid med kommunar og spesialhelsetenester om innhald og organisering av studiane som heilheit, og dei kliniske studiane spesielt. Eitt ikkje avgrensa krav om at studiet berre blir tilbode ein gong vil tillate å arbeide meir langsiktig i rekruttering og planleggingsarbeid i regionar som har særskilt behov for desentrale deltidsutdanningar.

Kapittel 5 Opptak på visse vilkår

§ 5-1. Opptak på visse vilkår

UiT støtter forslaget om endring av termen «særskilde forhold» til «spesielle omstende».

Vennlig hilsen

Jørgen Fosslund
universitetsdirektør

Heidi Adolfsen
studiedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur

Saksbehandler: May-Liss Hestnes Mæhlum